Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Andreas Ropeid

(adresse):

Fylke: Buskerud

Herad: Ytre Sandsvar.

Bygdelag: Pytte

Gard: Pytte

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den ~~er~~ etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kristian Teigen ~~65 Toar~~, f. i Øvre Eiker, bonde på Teigen f. 1873

SVAR

Han fortalde etter si mor Berte Kristiansdotter Pytte frå Ytre Sandsvar. Ho var fødd på Pytte kring 1850, kom til Øvre Eiker og tente der i 25 år og vart gift med Nils Råen.

4. I Ytre Sandsvar nytta dei skav som naudfòr i mors ungdom

5. K. T. kunne ikkje hugsa ho nemnde anna enn osp, rogn og selju
Han kunne ikkje hugsa at ho nemnde noko om kva som var gjævast.

6. Ukjent.

7. Ukjent.

8. Det var mjølkedyra som fekk skavet.
Skavet var naudfòr så han gjekk ut frå at ~~d~~ kyrne fekk det om våren i knipa då.
K. T. kjende ikkje til korleis dei hadde fått ~~det~~ skavet, men han gjekk ut frå at det vart kokt lòg på det og at kyrne så fekk skavet i sòrpa.
Han kjende ikkje til om det var noko slag skav som dyra ikkje ville eta, men hadde lagt merke til at dei aldri gnog ore-bork ute.

9. K. T. kjenner ikkje til om det var meir eller

9576

betre mjølk eller om det var usmak på mjølka av skav.

10. Dei drog eins ærend til skogs etter skav.

11. Ukjent.

12. Ein henta ikkje ved, sjå nedanfor sp. 17.

13. Ukjent.

14. Dei henta skav om våren.
Mor sa det var eit tungt arbeid
Ukjent at ein skulle henta skav langfredag.

15. Dei skava ute i skogen.

16. Dei nytta skjeru til å skava med.

17. Dei tok skavet ~~[illegible]~~ av tre på rot. Om våren når trea svadde flekte dei borken av i lange stimler. Dei tok til så høgt oppe på stommen som dei nådde; somme tok med seg stige for å nå høgt opp. Skavet bar dei heim i ei laudkorg.

18-20 Fell bort.

21. Borken kalla dei skav.

22-23 Fell burt.

24. K.T. kjende ikkje til om det var visse reglar for korleis skavet skulle vera. Han visste heller ikkje om det var gjort noko med skavreiskane, hakka e.l.

25. Dei trea ein hadde flekt, hogg ein ned til ved seinare på sommaren. Det var vanleg den tid i dag å flekka tre som ein ville hogga dersom ein ville vera sikker på at det ikkje vaks opp rotskot. Nedanfor husa til K.T. Skåd er ovor osp som sønene hans hadde flekt i vår (1954), den var heilt visen.

26. K.T. visste ikkje ~~at dei~~ når dei slutta å skava i Ytre Sandsvær.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING